



Rogaland bondelag  
Postboks 278 Sentrum  
4002 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Forlenga løyve for skadefelling av ein jerv i Hjelmeland og Suldal vinteren 2015

---

**Rogaland bondelag får forlenga løyve til skadefelling av ein jerv i kommunane Hjelmeland og Suldal fram til og med 15. februar 2015.**

**Det er berre lov å nytta dei fire åta som allereie ligg ute.**

---

**Jakta skal utførast av skadefellingslaget i Nord Rogaland. Løyvet er gitt etter Naturmangfaldslova § 18 b, for å førebyggja rovdyrskade komande beitesesong.**

---

### Bakgrunn

Fylkesmannen gav 31.12.2014 eit løyve til skadefelling av ein jerv i Hjelmeland og Suldal frå 1. januar til 31. januar i år. Løyvet gjer det mogleg å leggja ut åte med viltkamera som varslar til telefon ved bevegelse. Dårleg ver har gjort jakta vanskeleg fram til no, men fire av fem lovlege åter er lagt ut. Rogaland bondelag har difor søkt om forlenga løyve fram til 15. februar. Så langt er det ikkje observert jerv eller spor etter jerv i området. Verneområdestyret i SVR har gitt løyve til bruk av snøskoter.

Rogaland er del av rovviltregion 1 som ikkje har nasjonale mål om ynglande store rovdyr. Rovviltnemnda har i sin forvaltningsplan frå mars 2014, eit mål om å redusera skadar på bufe til eit minimum.

For Rogaland sin del kjennar ein til ein jerv som i periodar går i Setesdals-heiane. Dette er ein jervhann med ID-nr 240. Den vart først identifisert i dette fjellområdet (Bykle) i 2007. Seinare har DNA-analysar av ekskrement synt jamleg tilhald i fjella i Suldal, Bykle og Hjelmeland. Individet er sist dokumentert med DNA frå Bykle vinteren 2013. Det er og funne spor av jerv i området vinteren 2014, og eit dyr vart sett i Sirdal hausten 2014. Til saman har 3 ulike jervhannar vore identifisert i dette området sidan 2007. To av dei er skotne tidlegare.

I 2014 blei 14 sauер og 32 lam erstatta som antatt tap til jerv i Rogaland. I 2013 var tilsvarande tal 5 sau og 33 lam. Eit lam er dokumentert tatt av jerv i Sirdal hausten 2014. Det er ikkje dokumentert

tap av sau til jerv i Rogaland i 2014, men det er sikre dokumentasjonar frå 2010, 2011, 2012 og 2013. Alle er funne i Suldal kommune.

## **Heimelsgrunnlag**

Grunnlag for avgjerda er *Lov om forvaltning av naturens mangfald* §18 b og §77, *Forskrift om forvaltning av rovvilt* §9 og forvaltningsplan for rovviltregion 1.

### Naturmangfaldlova §18:

«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk.  
Punkt b:) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom...»

...Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.»

### Rovviltforskrifta § 9:

«Fylkesmannens myndighet til iverksetting av betinget skadefelling:  
Fylkesmannen kan av eget tiltak eller etter søknad fatte vedtak om iverksetting av felling for å forhindre fremtidig skade innenfor rammen av kvote for betinget skadefelling gitt av rovviltnemnden, jf. forskriften § 8...»

...Ved vurderingen av om det skal ges tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- a) områdets betydning som beitemark
- b) skadenes omfang og utvikling
- c) potensialet for fremtidige skader
- d) muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak.

*Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, samt metoder for felling. Det kan også ges bestemmelser om dekning av påløpte utgifter i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35»*

Rovviltnemnda i region 1 har vedtatt ein betinga kvote for skadefelling på 6 jerv i tida 01.06.2014 til 15.02.2015. Ei eventuell skadefelling skal i tillegg belastas lisenskvota på 10 jerv, jf nemnda sitt vedtak av 18. november 2014.

Forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 legg vekt på at det ikkje er bestandsmål for rovdyr i regionen, og at felling er viktigaste førebyggande tiltak i ein region der beiteanæringa har prioritet framfor rovdyr. Bestandstatus og overlevingsevne for bestanden skal vurderast før vedtak om felling. Uttak av skadegjerande rovdyr skal primært skje gjennom lisensfelling.

Rovdyrforliket i Stortinget hausten 2011 (Dokument 8:163S (2010-2011) har gitt føringar på ymse delar av rovviltnemnden, mellom anna skadefelling av jerv. Forliket er tydeleg på at det skal vere ei låg terskel for skadefelling i prioriterte beiteområde, også innafor lisensfettingsperioden.

## Vurdering

Me forstår at därleg ver og mangel på is har gjort jakta vanskeleg fram til no. Ei forlenging til 15. februar vil auke sjanske for felling. Det er lagt ut fire åter so langt, det sørlege åtet (Skrymlevatn) er ikkje lagt ut grunna därleg ver og manglande is på magasina. På same tid er det ikkje rom for å auke den økonomiske ramma for godtgjersle utover vårt opphavlege løyve frå 31.12.2014.

Naturmangfaldlova §5 slår fast at me skal ta vare på artar og det genetiske mangfaldet på lang sikt, og artane skal ha levedyktige bestandar i sine naturlege leveområde. På Norsk rødliste for arter 2010 (Artsdatabanken) er jerven karakterisert som EN (sterkt trua). Andre viktige samfunnsinteresser spelar likevel ei avgjerande rolle for kor store rovviltnestandane i Noreg får lov til å bli. Rovvilkforskrifta fastsett nasjonalt mål om 39 årlege ynglingar av jerv, fordelt på fleire regionar, men ingen i region 1. For 2014 vart det dokumentert 52 ynglingar (Rovdata), og alle dei tre siste åra har talet på ynglingar vore over nasjonalt måltal. Den sørvestlege delbestanden er liten, og har lite rekruttering og immigrasjon frå aust. Det er difor fare for innavlsdepresjon i denne delen av bestanden.

—

Naturmangfaldlova §7 krev at utøving av offentleg mynde som vedkjem naturmangfaldet skal vurderast etter prinsippa i samme lov §§8 – 12 før ein gjer vedtak.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) er godt når det gjeld jerv, jf nasjonalt overvakingsprogram. DNA og andre observasjonar tydar på at hannjerven kjent som ind.nr. 240 framleis held til i desse områda. Til tross for dette kan også andre eller fleire jervar vere i området, då ein ikkje har fått tak i DNA frå jerv i området i verken 2013 eller 2014.

Føre-var-prinsippet (§9) er relevant i forhold til innavl. Overvakingsprogrammet gjev ei god oversikt over samla belastning (§10) for jervebestanden. Med gode ynglingtal på samla bestand, er vår vurdering at uttak av ein jerv her ikkje vil gje ei belastning på jervbestanden som går ut over forvaltingsmålet i naturmangfaldlova §5.

Etter §11 skal kostnadene dekkast av tiltakshavar. Men dette er ikkje relevant i dette høvet, då kostnadane ved fellingsforsøket er regulert av rovvilkforskrifta §9a.

§12 sett krav til å nytte miljøforsvarlege teknikkar og metodar ut frå eit best mogleg resultat for samfunnet. Fylkesmannen har ansvar for å vurdere opplegget for fellingsforsøket med tanke på minst mogleg negativ effekt på villrein, samstundes som at fellingsforsøket skal kunne innrettast mest mogleg effektivt. Bruk av snøskuter vil vere naudsynt for utplassering, tilsyn og frakt av jegerar og åter. For å minimalisere bruk av snøskuter skal åta overvakast av viltkamera med telefonsamband. Det er difor naudsynt å leggja åta i område med mobildekning. For å ytterlegare avgrensa kjøringa og dempe miljøbelastninga er opphavleg løyve av 31.12.2014 avgrensa til kommunane Hjelmeland og Suldal, og talet på åter i fjellet er satt til fem. Skadefellingslaget har sendt oss kart over åter, og det sørlegaste åtet ved Skrymlevatn er ikkje lagt ut enno. I tillegg ligg dette åtet svært langt frå dei andre, og inneber lang køyring i sårbare villreinområde. Aktuell fellingstid er snart over, og me finne det lite sannsynleg at utlegging av det femte åtet ved Skrymlevatn vil auka moglegheitene for felling vesentleg i den korte tida til 15.02. Me reduserer difor tal på åter til fire.

Heile området er som nemnt viktig beitemark for sau, og me vurderer skadepotensialet som vesentleg. Det beiter mykje sau i området, og jerven bruker å bli verande over vinteren. Ut frå at lisensjakta ikkje synes å vera tilstrekkelig effektiv, er det ikkje andre realistiske førebyggande tiltak.

## Vedtak

Fylkesmannen i Rogaland forlenger løyve til skadefelling av ein jerv til Rogaland bondelag. Løyvet er avgrensa til dei fire åta som allereie er lagt ut, og gjeld fram til og med 15. februar 2015.

Lovheimel er naturmangfaldlova §18 bokstav b og §77, og forskrift om forvaltning av rovvilt §9.

Fylgjande vilkår gjeld:

1. Det kan berre nyttast dei fire åta som allereie er lagt ut.
2. Fellinga skal utførast av personell tilknytt Nord Rogaland skadefellingslag ved fellingsleiar Arve Aarhus. Fellingsleiar har ansvar for at alle deltarar er kjende med vilkåra for fellingsløyvet.
3. Fallingslaget må sjølv innhenta løyve til kjøring med snøskuter frå grunneigar, verneområdestyret og kommunane. All kjøring skal vere i samsvar med løyve frå rette styresmakt og skal avgrensast til eit minimum. Det er ikkje lov å bruke snøskuter i samband med sporing eller felling.
4. Fellingsleiar skal ta kontakt med SNO for rettleiing og praktisk informasjon før dei startar og ha dialog med SNO underveis.
5. Alle deltarar i fallingslaget skal vere registrerte lisensjegerar på jerv i Jegerregisteret. Dei skal berre nytte rifle og jegerane kan heller ikkje delta i lisensfelling på jerv i skadefellingsperioden.
6. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som er i samsvar med krav til jakt på jerv, jf forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, fangst og felling.
7. Forsøk på felling og felling av jerv skal utan opphold meldast til kommunen, SNO, politi og Fylkesmann. Fellingsstad skal rapporterast. Fylkesmannen sitt aktuelle telefonnummer er 51568921 eller 48173082. Me tar stilling til eventuelt ettersøk ved forsøk på felling og skadefelling, jf forskrift om utøving av jakt, felling og fangst §26. Fallingslaget har plikt til å delta i ettersøk utan vederlag.
8. Felt jerv er viltfondet sin eigedom. Jeger skal vise fram felt dyr og stad for felling for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale.
9. Felling og forsøk på felling i samsvar med dette løyvet er ikkje avhengig av grunneigar sin jaktrett, jf viltlova §35.
10. Fylkesmannen kan dekke direkte og dokumenterte utgifter til fellingsforsøket vinteren 2015 opp til kr 15 000,-. Fellingsleiar har ansvar for å sende inn dokumentasjon på utgifter innan 2 veker etter fellingsperioden er slutt til Fylkesmannen.
11. Deltarar i fallingslaget har krav på godtgjering på same vis som kommunale fellingslag jf rovviltforskrifta §9a. Brev frå MD av 15.09.2011 set føringar for praktisering av §9a. Døgnnsatsen pr jeger er maksimalt kr 1400,-. Dette gjeld for døgn der jegeren har vore aktiv i forsøk på skadefelling. Dersom jegeren berre har vore aktiv kort tid av døgnet, bør satsen

justerast ned. Fylkesmannen sett ei ramme på kr 50 000,- totalt for heile vinteren 2015 som kan nyttast til godtgjering, feriepengar og arbeidsgivaravgift.

12. Fylkesmannen kan når som helst trekke tilbake løyvet dersom ny kunnskap tilseier det.  
Dersom jerv blir felt i lisensfelling i same område, vert løyvet automatisk trekt tilbake.

Kvar deltar skal føre timeliste og logg over kjøring med snøskuter og bil, og sende det til fellingsleiar. Fellingsleiar har ansvar for å sende inn dokumentasjon på krav om godtgjering innan 2 veker etter fellingsperioden er slutt til Fylkesmannen. Det er ikkje pårekneleg at alle utgiftar til fellingsforsøket blir dekt.

Fellingsleiar har ansvar for at fellinga blir utført innanfor budsjettet for godtgjering.

#### Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker til Miljødirektoratet etter forvaltingslova sine reglar. Klagen skal sendast om Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Vegard Ankarstrand  
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Vegard Ankarstrand  
Saksbehandlar telefon: 51568921  
E-post: fmroval@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM

Kopi pr epost:  
Fellingslaget v/Arve Aarhus  
Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombordet v/Alf Odden  
Statens naturoppsyn v/Jon Erling Skåtan  
Statens naturoppsyn v/Reidar Sandal  
Hjelmeland kommune  
Rogaland politidistrikt  
Suldal kommune  
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt  
Rogaland Bondelag  
Rogaland jeger – og fiskerforbund  
Naturvernforbundet i Rogaland  
Rovviltnemnda i region 1  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Vest-Agder

[aaarh@online.no](mailto:aaarh@online.no)  
[alf.odden@fylkesmannen.no](mailto:alf.odden@fylkesmannen.no)  
[jon-erling.skatan@dirnat.no](mailto:jon-erling.skatan@dirnat.no)  
[reidarjohan.sandal@dirnat.no](mailto:reidarjohan.sandal@dirnat.no)  
[postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)  
[post.rogaland@politiet.no](mailto:post.rogaland@politiet.no)  
[postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)  
[post.hs@politiet.no](mailto:post.hs@politiet.no)  
[rogaland@bondelaget.no](mailto:rogaland@bondelaget.no)  
[rogaland@njff.org](mailto:rogaland@njff.org)  
[rogaland@naturvern.no](mailto:rogaland@naturvern.no)  
  
[fmsfHM@fylkesmannen.no](mailto:fmsfHM@fylkesmannen.no)  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)  
[postmottak@fmva.no](mailto:postmottak@fmva.no)

